

## TRIVSELSREGLAR VED MELAND UNGDOMSSKULE

Dei felles skulereglane til kommunen gjeld for alle elevane i Alver kommune. Vidare har kommunen reglar for bruk av IKT-utstyr, og eit reglement for oppfølging av fråvær. Desse reglane gjeld der elevane ferdast i skulekvardagen, og når skulen har ansvar for arrangement og tiltak der elevane deltar utanfor skuleområdet.

### FØLGJANDE LOVER OG FORSKRIFTER BLIR LAGDE TIL GRUNN:

- [Opplæringslova](#)
- Fellesreglar ved alle kommunale grunnskular i [Alver](#)
- Fråværsreglementet til kommunen
- [Lov om skadeserstatning](#)
- Avtale om utlån av Chromebook til elevar

Hugs at personlege eigedelar og verdisaker blir tekne med på eige ansvar. Skulen er ikkje økonomisk ansvarleg dersom noko blir skadd/stole i skuletida. Dette gjeld òg mobiltelefonar.

**Som elev har du rett til eit trygt, godt og inkluderande skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.**

### Det betyr at du har rett til:

- at andre elevar og vaksne snakkar fint til deg og om deg
- å bli behandla med respekt
- å få vere med i leik og andre aktivitetar på skulen
- å bli høyrte
- å få ha tinga dine i fred
- eit skulemiljø som er reint og ryddig



## **For å få dette til må vi ha nokre felles reglar når det gjeld orden og åtferd.**

Desse reglane er laga for at alle skal ha det trygt og trivast på skulen. Ved å følgje dei viser du respekt for deg sjølv, medelevane dine og dei vaksne på skulen.

### **God orden er å:**

- halde det reint og ryddig rundt deg på skulen
- møte presis på skulen og til undervisninga
- ha med seg sunn og næringsrik mat som blir spist i matfrie
- ha med nødvendig utstyr
- gjere skulearbeidet ditt så godt du kan, til rett tid
- ta vare på eigedommen til skulen og utstyr du låner
- følgje reglane knytt til bruk av digitalt utstyr
- ha rullerande ordenselevar for kvar klasse, som har eit særleg ansvar for klasserommet
- ha rullerande ordensklassar for uteområdet.
- setje sykklar, elektriske sparkesyklar og mopedar/lettskyklar på tilvist plass
- leggje Chromebook i låsbart skap eller sekken, saman med anna skuleutstyr, når det ikkje er i bruk

### **God åtferd er å:**

- snakke fint til andre og om andre
- stå ved pulten og helse på kvarandre ved dagens start og ved byte av lærar
- levere inn mobil/smartklokke ved skulestart, uoppmoda
- rekke opp handa viss ein ønsker å ta ordet eller vil forlate plassen sin
- behandle andre elevar og tilsette med respekt
- la andre elevar få vere med i leik og andre aktivitetar på skulen
- lytte til andre
- opphalde seg innanfor skulen sitt område, og delta i undervisninga heile skuledagen
- følgje beskjeder frå dei vaksne på skulen
- la andre sine ting vere i fred
- bruke skulen sitt digitale utstyr som avtalt
- leggje Chromebook i låsbart skap eller sekk, saman med anna skuleutstyr, når lærar ber om at det blir lagt dit

